


# Frå Jærmuseet sine samlingar

## McCORMICK HAUSTEMASKIN

### Sjølvaavleggande meiemaskin

MÅLFRID SNØRTELAND



#### **Produsent: International Harvester, U.S.A.**

Dette er ein McCormick haustemaskin for korn av typen «Daisy» som blei produsert i tidsrommet 1906 – 1931. Ved hjelp av tregaflane eller vengene blei kornet lagt av i fengjer passe store for eit kornband. Kornbanda blei så bundne for hand.

Denne maskinen kjem frå Tønnes Eik, Smeaheia i Sandnes og var i alle høve i bruk fram til 2. verdskrigen. Maskinen kunne og nyttast til å slå potetkål med.

Ein slik sjølvaavleggande meiemaskin var heller sjelden. Langt vanlegare var det å montera eit meieapparat på slåmaskinen, men då måtte ein vera to

mann – ein til å køyra slåmaskinen og ein til å leggja av med ein gaffel. Meiemaskinen og meieapparatet eksisterte parallelt med sjølvbindaren som kom i bruk mot slutten av 1800-talet.

Sjølvbindaren både skar og batt kornet, og dei kunne då rekka over 30 – 35 mål pr. dag. Men det var langt frå alle som hadde økonomi eller fann det lønsamt å investerte i sjølvbindar.

I 1949 var det berre 390 sjølvbindarar på heile Jæren. Etter 2. verdskrigen kom så skurtrøskjarane – først slepetrøskjarar som blei dregne av traktoren og så dei sjølvgåande skurtrøskjarane. Skurtrøskjarane skar og trøskja kornet i ein operasjon.